


2019

Årsmelding Norsk Spaniel Klub avd. Sogn og Fjordane



Årets allsidighetsspaniel,
blodsporsspaniel
og utstillingsspaniel 2019
NSVCH RL1 RL2 Fjordgløtts Bonnie
til Elin Anita Gjerde



Avdelinga i tal - Rapport til NSK:

Medlemmer:	46 (46+3+1)	-3 frå 2017	Diverse:
Møter:	Tal arrangem.:	Tal medlemmer (andre)med:	
Arrangement:	Tal arrangem.:	Tal startar/ Medlemmer i avd.	
Styremøte:	6	3	6 møter på skype + planlegging prøvar.
Komitemøte	1	3	Alle referat er lagt ut på heimesida.
Medlemstreff/møte:	2	7 medlemmer 3 medlemmer	22 april - Påskeapporten i Luster 13. juni - brukstrening i Luster
Årsmøte/Aktivitetsdag:	1	9 medlemmer	Fagleg tema var Kva skal til for å starta på prøvene me arrangerer
Udstilling + valpeshow:	1	1 ac + 1 cls +8 cs +25 ess +2 wss = 37 spaniels totalt 11 frå avdelinga	Første spesialutstilling i avdelinga på mange år
Valpeshow + match show:	1	1 – 0 frå avdelinga	
Jaktprøve:	0		
Apportprøve:	1	3 starta, 3 frå avd.	
Jaktanlegg:	1	3 starta, 3 frå avd.	
Ferskspor - bevegeleg:	1	11 starta 3 spaniels - 2 fra avdelinga	Hundesjukdommen gav problem med arrangering
Blodspor:	4	Eid 1: 11 - 8 spaniels, 4 frå avd. Eid 2: 10 - 7 spaniels, 3 frå avd. Årdal: 9 - 3 spaniels, 1 frå avd. Bevegeleg: 10 - 2 spaniels, 1 frå avd	Bevegeleg prøve + 3 x ordinær
Rallylydighet	2	Årdal 1: 48 totalt Årdal 2: 47 totalt 13 spaniels, 8 er frå avd.	
Kurs:	1	6 medlemmer + 22 andre 2 medlemmer	26. januar - dommerkurs ettersøk Minikurs pelsstell
Kontakt med medlemmene:			
Utsendt medlemsinfo		Det er sendt ut fleire e-postar med medlemsinformasjon i løpet av året	
Våre Spaniels		Spalte i kvart nummer	
Heimeside		Prøver å oppdatere jamleg med både info og bilde.	
Facebook		Hyppige oppdateringer. Har 346 "følgere" ved utgangen av året mot tidlegare år 314 - 262 - 222.	
Økonomi:	På konto 31/12:	Årsresultat:	Kommentar:
	Kr 78.027.-	kr -6.286.-	Omtrentleg som budsjettet når utgifter for utstillinga i 2019 er medrekna. Underskotet på utstillinga kjem på 2020 rekneskapen

Andre nøkkellopplysningar/tal:

Dommarar knytta til avdeling:	Tal:	
Ettersøk (blod/fersk)	6	Arvid Solheim, Årdal, Torstein Solset, Førde, Inger Handegård, Luster, Elin Anita Gjerde, Leikanger, Hilde Rotihaug, Eid, Morten Norheim, Luster U. utdanning: Ernst Inge Brugrand, Lærdal og Lars Gunnar Røneid, Årdal
Jakt/JAL	1	Inger Handegård
Appellmerkeprøve LP	4	NKK trinn 1 og 2 – sjå under
Instruktørar:		
	5	NKK trinn 2 jakt: Inger Handegård. NKK trinn 1: Laila Røneid, Linn Didriksen Solsvik, Anne Berge Bjørnseth. Rally: Inger Handegård. Under utdanning: Laila Røneid
Oppdrettarar med kennelnamn:		
	4	Desperado (ess), Fjordgløtt (ess), Zelfa (ess), Miramora (am cock)

Årsmelding for Norsk Spaniel Klub avdeling Sogn og Fjordane

Styret har for 2019 sett slik ut:

Leiar: Laila Røneid, Årdal	Vald 2018 for 2 år
Nestleiar: Hilde Rotihaug, Nordfjordeid	Vald 2019 for 2 år (attval)
Kasserer: Inger Handegård, Luster	Vald 2018 for 2 år Er også leiar BK og BK-kontakt
1. vara/Torhild Ulvesæther	Vald 2019 for 1 år
Webansvarleg: Inger Handegård	
Revisor: Frank Fardal, Sogndal	Vald 2019 for 1 år
RS-utsendingar:	Laila Røneid, Hilde Rotihaug
Vara:	Inger Handegård og Torhild Ulvesæther

Jaktkontakt:

Linn Didriksen Solsvik (attval) Vald 2019 for 1 år.

Valnemnd:

Linn Didriksen Solsvik (attval) Vald 2019 for 1 år.
Elin Anita Gjerde

Styremedlemmer vert vald for 2 år om gongen.

Leiar, jakt og brukshundkontakt, revisor og valnemnd vert vald årleg.

Leiar og brukshundkontakt vert vald mellom styremedlemmene.

Økonomi:

Året gav eit underskot i samsvar med budsjett. Sjå rekneskap.

Medlemstal:

Medlemstalet er stabilt, men lågt med i underkant av 50 medlemmer.

Styremøte:

Det har vore seks styremøter på Skype, i tillegg møttes styret på sporprøven på Eid.

Informasjon til medlemmene via heimeside, facebookside, e-post og brev

Me prøver å oppdatere heimesida regelmessig. Facebooksida vert brukt hyppig til ting med kortare varighet og påminningar, treningstips og anna informasjon. Årsmøtet vart annonsert i Våre Spaniels. Me prøver å sende ut ein velkommen-e-post til alle nye medlemmer med litt praktisk informasjon og lenker.

RS-19 Ingen frå avdelinga reiste.

Organisasjonskurs på Eid i regi av NKK-nordvestlandet

Hilde Rotihaug møtte. Kurset vart arrangert samme helg som NKK-NV hadde sitt årsmøte.

Hilde møtte på årsmøtet til NKK NV og representerte avdelinga også der.

Høyringar:

Avdelinga har i samarbeid med dommarane våre, sendt inn høyringsforslag til nytt regelverk for viltsporchampionat og NM-viltspor.

Aktivitet i avdelinga i løpet av året:



Dommarsamling og dommarkurs i Gaupne 26. januar

Avdelinga har lenge planlagt ei slik samling for dommarane våre og med nytt regelverk og tre nye dommarelevar, vart det i samarbeid med dommarane bestemt å ha samlinga i Gaupne i januar 2019. NKK overtok samlinga vår og på denne måten vart den ein del av den obligatoriske dommarsamlinga NKK har.

Knut Herland, frå kompetansegruppe ettersøk, hadde samlinga som var både triveleg og lærerik. Det møtte 28 dommarar, elevar og aspirantar frå store deler av Vestlandet. Gaupnetun stilte med møtelokale og varm lunsj.



Årsmøte på Skei hotell 9. februar
9 +1 medlemmer møtte. Årsmøtet vart fort unnagjort og alle i styret tok attval. Det vart vedteke på årsmøtet å opprette ei bonusordning for frivilleg arbeid i avdelinga. Skjema for opparbeida bonus ligg opent slik at alle kan sjå. Det vart delt ut premiar og gratulasjonar til årets hundar/eigarar. Me hadde utlodding der hovud gevinsten vart vunnen av Anders Aven og Olaug Helle. Etter

årsmøtet var det lunsj på hotellet. Fagtema på dette årsmøtet var: Kva skal til for å starte på dei ulike prøvene avdelinga arrangerer.

Når enden er god er allting godt... Hver gang du grer hunden kan du gjerne starte med stående hund og gre gjennom pelsen bak.



Samme hund før og etter klipp. Hunden er flokefri, noe som er en prestasjon når så mye unedvendig pels vokser som ugress. Selv om mye skal bort er det lurt å klippe riktig. Alt over de to hvirvlene bak tynnes kort med tynnesaks og overgangen jevnnes. Pelsen mellom beina får være der, men haser klippes og ikke noe pels går nedenom hasespissen. Pelsen klippes opp i en liten V.

Minikurs i pelsstell i Sogn

16. februar

Inger Handegård var instruktør og to var med. Bilder frå kurset er samla i ei eiga mappe om pelsstell og den vert etter planen fyllt på etter kvart.



Dobbel rallystevne i Årdal 30 og 31 mars

Dommar var Kari Anne Overskeid. Samstundes med stevnet vart også 50 års dagen til Laila Røneid feira.

Det starta 10 engelske springere, 2 cockere og 1 field.

Gratulerer til Elin Sparre Pedersen med unge "Iba" som vart kåra til beste spaniel samanlagt på rallystevnet vårt den helga som var med 2 x 1. premie i klasse 3. Nr. 2 vart bestemor Aya og nr. 3 vart onkel Aron. Det vart gitt 3 poeng ekstra i tillegg til oppnådd poengsum pr. klasse pr dag.

Totalt var det 48+47 startande fordelt på dei to dagane - noko som var ein god oppgang frå året før.



22 APRIL PÅSKE-APPORTEN

Norsk Spaniel Klub avd. Sogn og Fjordane inviterer spanieleigere til apporteringsdag i Gaupne.

- Korleis starte apport-treninga
- Landapport slik som på jaktanleggsprøve
- Feltsøk slik som på brukshundprøve
- Lydigheits-apport

Samlinga passar uansett nivå på hund/førar då me tilpassar treninga til kvar enkelt.

VELKOMMEN!



MØT OPP VED PRIX GAUPNE KLOKKA 11.00

Ta med stol, kaffi og mat. Hugs godbitar til hunden.

Treninga er gratis for medlemmer. Du som enno ikkje er medlem betalar kr. 100.

Du treng ikkje melde deg på i forkant - møt berre opp.

Me håpar at mange tek seg tid til ein sosial og lærerik dag i skogen.

Påskeapporten i Luster 22 april

8 springere og 1 cocker møtte opp for apport-trening denne dagen med fint påskevær. Det vart ei lærerik samling for alle - og me fekk verkjeleg fram kor sammansett øvelse apport er og kor mange ting som kan vera problematisk å få til slik me gjerne vil. Kunsten er å først finne noko hunden er villig å jobbe for, og så lære den moment for moment før me setter alt saman til ein heil øvelse.

Har du spørsmål?
Kontakt jaktkontakt
Linn på tlf 99 60 33 96.
eller brukskontakt
Inger på tlf 918 35 324.

www.spaniels.org



Helge Hopland og Hilde Rotihaug.

Blodsporprøve med region-

mesterskap Nordfjordeid

15-16. juni

Laurdagens prøve var regionmesterskap i NKK NV. Dømte Kåre Olav Solvang, Lidvin Olav Hage og Birger Hogrenning. Det var varmt og mykje vilt og beitedyr i terrenget. Det starta 6 hundar i EK og 5 i AK og det vart kåra ein regionmester i begge klassar - begge var spaniels og begge vant klassane sine. På søndagens prøve var det noko mindre varmt, men like mykje beitedyr då spora denne dagen låg høgare i terrenget. Dømte gjorde Birger Hogrenning, Per



Blodsporprøve i Årdal 22. juni

Prøven vart arrangert på Seimsåsen i Årdal. Dommar var Helge Alme, Torstein Solset og Inger Handegård. Det starta 9 hundar på prøven - 4 i EK og 5 i AK. Det var kaldt og fuktig vær og ein god del både sau og hjort (som vanleg) - men det vart likevel mange gode resultat. Etter prøven var det felles lunsj til alle.



Blodsporprøve i Luster 3-4 juli - kveldsprøve

På første dagen gjekk dei tre påmeldte i AK (ingen spaniels) for dommarane Elin Anita Gjerde og Inger Handegård. Dagen etter gjekk dei tre påmeldte i EK, 2 spaniels, for dommarane Morten Norheim og Inger Handegård. Det virka til å vera bra forhold, men AK-hundane sleit med sine spor. I EK gjekk det mykje bedre, Det fungerte utmerka at dommarane la dei spora dei dømte.



Brukshundprøve i Luster 21.08 D og C spor - kveldsprøve

Dommar Audun Gudbrandstuen var imponert over nivået. Alle dei startande var påmeldt i klasse D og heile 4 av 5 startande hundar fekk opprykk. Den femte brukte dessverre for lang tid på sporet, men leverte ein bra prøve.



Jaktanleggsprøve og Apportprøve ordinær – 24. august

Grunna manglende avklaring på vatn vart prøven flytta frå Eid til Luster. Dømte gjorde Monica Holthe. Tre startande på JAL - der ein vart godkjent, to fekk godkjent BK apport. Premieutdelinga var heime hjå Inger med felles lunsj til alle.



Bevegelege blodspor og fersksporprøvar

Interessa for å gå bevegelege blodsporprøvar i regi av avdelinga har vore svært stor. I år måtte alle melde på via web og det gjorde det heile enkelt å organisere etter prøven då resultat og kritikkart vart lagt i dogweb forløpende.

Det har starta 10 på bevegeleg blodspor og 11 på bevegeleg ferskspor. som vanleg vart det eit stort trykk på slutten av perioden og "hundesjukdommen" gjorde at to påmeldte ekvipasjer ikkje fekk starte. Avdelinga har, etter det me kjenner til, fått 3 nye godkjende ettersøksekvipasjar i år. Foto over.

Ny ettersøksdommar: Morten Norheim, Luster

NM blodspor 2019 - Ingen hundar frå avdelinga starta i år.

NM rallylydighet 2019 - Ingen hundar frå avdelinga starta i år.

**Spesielutstilling for spaniel i Naustdal 12.
oktober + ny utstilling 13. oktober**

Med hjelp av Førde brukshundklubb har me arrangert spesialutstilling att etter mange år utan. Dømte gjorde Kari Granaas Hansen som med stor kunnskap om spaniels nøyne gjekk gjennom alle hundane og gjorde Førdeutstillinga til ei fin oppleveling for alle. Det var 38 vaksne spaniels + ein kvelp påmeldt spesialen. Me hadde håpa på eit større tal då dette var første dobbeltutstilling for spaniels i fylket, men kanskje var usikkerheit rundt "hundesjukdommen" ein medvirkande faktor til litt lågt påmeldingstal for andre rasar enn springer. Påmeldingsfristen var 14 dagar før utstillinga då me venta og venta på klarsignal på om me kunne arrangere, og den korte fristen gjorde det svært utfordrande for arrangørane å få alt i boks - men det gjekk no på eit slags vis. Om kvelden var det 17 spanieleigarar som møttes og åt pizza på Peppes i Førde. Der fekk me eit eige rom og praten gjekk lystig om både det eine og det andre. Dagen etter var Førde brukshundklubb arrangør. Dommar var Duško Jovanović frå Serbia. Han var ekstremt grundig med utfyllande kritikkar.



Adventskalender på FB

Laila Røneid laga årets kalender. Det var 5 frå avdelinga som deltok og i tillegg deltok 4 utanfor avdelinga. Premie til alle i avdelinga og til den beste av dei utanfor avdelinga.

NSK avd. Sogn og Fjordane er framleis leiar for NSK's brukshundkomite?

Inger Handegård er leiar i brukshundkomiteen, medan Ellen Getz Wold (Oslo/Akershus) og Wenche Randi Krogstad (Sør-Trøndelag) er medlemmer.

Nye spanielkvelpar i Sogn og Fjordane – potensielle nye medlemmer til avdelinga

Etter det styret kjener til er det født eit springerkull i fylket i 2019. Registrerte spaniels i Sogn og Fjordane 2019. Totalt 16 spaniels av 444 nyregistrerte hundar = 3,6% av dei nyregistrerte hundane. 9 cocker spaniels - Fjaler 2, førde 1, Selje 2, Sogndal 2, Stryn 1, Vik 1. 4 engelsk springer spaniel - Bremanger 1, Fjaler 1, Stryn 1, Vågsøy 1. 3 amerikanske cockere - Eid 2, Flora 1. Me håpar å møte desse på samlingane våre og at dei melder seg inn i klubben vår.

Spaniels i avdelinga som har vorte champions eller fått nye mellomtitlar i 2019

Nye titlar 2019 er merka med raudt

Ny viltsporchampion: NVCH RL1 Desperados Happy Me til Inger Handegård

Ny blodsporchampion: NBSCH Lykkehunden Ballint til Aksel Myklebust (søkt tittel i 2020)

NUCH NRLCH NVCH RL1 RL2 RL3 BH SpH D Desperados Finnwin til Inger Handegård

NSVCH RL1 RL2 Fjordgløtt's Bonnie til Elin Anita Gjerde

Årets mestvinnande i fylket 2019:

Det er medlemmene som har ansvar for å sende inn eigne resultat. Styret plukkar ut vinnar av årets debutant og junior frå bl.a. forslag frå medlemmer, heimesida og FB-sida til klubben, frå medlemsmøte, samlingar og kurs. Årets debutant er plukka ut frå dei som har vore aktive på offisielle arrangement og som også har vore aktive på klubben sine arrangement.

Utstilling:

1: Fjordgløtts Bonnie til Elin Anita Gjerde	500 p
2: Fire'n Ice Dare To Dream til Sissel Ytre-Eide	240 p
2: Winton Kisses of Fire til Elin Anita Gjerde	240 p
4: Desperados Happy Me til Inger Handegård	230 p
5: Desperados Highlander til Anders Aven	60 p
5: Desperados Aya til Inger Handegård	60 p

Rally:

1: Desperados Aya til Inger Handegård	520 p
2: Desperados Happy Me til Inger Handegård	250 p
3: Desperados Finnwin til Inger Handegård	170 p
4: Fjordgløtts Bonnie til Elin Anita Gjerde	90 p

Blodspor:

1: Fjordgløtts Bonnie til Elin Anita Gjerde	280 p
2: Winton Kisses of Fire til Elin Anita Gjerde	210 p
2: Desperados Happy Me til Inger Handegård	210 p
4: Desperados Highlander til Anders Aven	40 p

Lydigheit:

Ingen

Allsidigheit: (to bruksgreiner + event. utstilling)

1: Fjordgløtts Bonnie til Elin Anita Gjerde	270 p
2: Desperados Finnwin til Inger Handegård	260 p
3: Desperados Happy Me til Inger Handegård	240 p
4: Winton Kisses of Fire til Elin Anita Gjerde	200 p

Bruks (NBF):

1: Desperados Finnwin til Inger Handegård	270 p
--	-------

Jakt:

1: Winton Kisses of Fire til Elin Anita Gjerde	50 p
--	------

Årets junior og årets debutant:

ingen

Alle vinnarane med minst 100 poeng + årets junior og årets debutant, får eit gåvekort på kr. 200 som må brukast på aktivitet i avdelinga, helsing på årsmøtet, presentasjon på heimesida og i spalta vår i Våre Spaniels. Konkuransen om årets hund var knallhard også i år!

Dette er me gode til i avdelinga vår:

- Få til variert aktivitet
- Arrangere offisielle arrangement som blodspor, jaktanleggsprøve og rallylydigheit
- Dugnadsånd!
- Ha god stemning på arrangementa våre
- Hjelpa kvarandre og skubba kvarandre oppover
- Finna løysingar på praktiske problem
- Oppnå resultat
- Ha god økonomistyring



Årsmelding Norsk Spaniel Klub avd. Sogn og Fjordane 2019

Budsjett og Rekneskap for 2019

	Budsjett	Rekneskap	Kommentarar
Sporprøvar	10000	5214	Elitespor gav færre spor pr dommar og fleire sporleggarar
JAL/apport	-4000	-4014	Tilreisande dommar og få påmeldte
Rally	5000	11971	Mange påmeldte
Bruksprøve	0	107	
Jaktkurs	0	0	
Dommarsamling ettersök	-4200	-5302	NKK overtok samlinga, me fekk ikkje inntekter
Trimmekurs	0	0	
Aktivitetstiltak	1000	-1181	Vanskeleg å få inntekter på dette....
Årsmøte	-4000	-4063	Skei hotell
Årets mestvinnande	-2000	-1400	Bruks og jakt vart ikkje delt ut
RS NSK	-5000	0	Ingen frå avdelinga reiste
Porto mm	-1000	0	Sjå under div. utgifter - alt bør gå inn der
Diverse	-5000	-10267	Av dette er kr 3.376 utgifter frå 2018
Styremøte	-2000	0	Me hadde ingen fysiske møter utanom på prøve
Utstilling	0	2649	Førde BHK betalt 2020 - reelt resultat vart -6196 kr
Sum	-11200	-6286	